

TYS DAG

18. september 2012, nr. 69
Laussal: kr. 20
41. årgang

Lokalavisa for
Haram og Sandøy

Haramsnytt



Foto: Per Ove Stige

Vil svinge høyre

SKJELTENE: Mange av bilane frå Nordøyane svingar allereie i dag til høgre på Skjeltene. Med både Nordøyvegen og Hamnsundsambandet på plass vil den korte avstanden til Ålesund utfordre handelsstanden i Brattvåg.

SIDE 4-5

KULTUR



Visekunst i kyrkja

«Kven kan segla for utan vind», song Signe Torill Eikrem med fleire i Sandøy kyrkje laurdag.

SIDE 6-7

KULTUR



Spøkelse på besøk

Årets Sommarles blei avslutta med spennande opplesing ved Haram folkebibliotek laurdag.

SIDE 9

SPORT

Brattvåg fekk bank i byen

Brattvåg møtte eit sterkt Herd-lag og gjekk på eit dundrande 0-5-tap i regnvêret fredag kveld. I kampen om opprykk er Brattvåg hekta av, men har som mål å bli blant dei tre beste i årets 3. divisjon. Målet er realistisk.

SIDE 11



Ny bil?
Ny bustad?
Ut å reise?

Vi har forsikringane du treng.
Spør oss!



Olga Borgen
Tlf. 992 25 688
olga.borgen@sbm.no



SPAREBANKEN MØRE



Tjuveri av sykkel

Ein trailersjåfør vart oppsvert då han stal ein sykkel på Midsund torsdag føremiddag. Vitnet hadde observert at trailer hadde stoppa og sjåføren hadde gjømt sykkelen om bord i traileren. Lensmannen i Haram ble varsla ettersom traileren tok ferje mot Brattvåg. Lensmannen rykte ut og fekk stoppa traileren. Sykkelen vart funnen, og den 51 år gamle polakken blei tatt med til politiet og bøtlagt.

Kjøper aksjar

Sandøy kommune vil sikre seg utvikling i industriområde på Steinshamn. Dei vurderer difor å kjøpe aksjane til dei andre aksjonærene i Steinshamn utleigebygg for kr. 1,- per stykk, totalt kr. 10486,- Saka skal opp til handsaming i kommunestyret 19. september.

4 NYHENDE

Haramsnytt · Tysdag 18. september 2012

4 I KOA

1. Kva vil Hamnsundsambandet bety for deg.

2. Med Hamnsundsambandet, ville du valt Ålesund eller Brattvåg for å handle.



Asbjørn Mikalsen, Hildre
Hamnsundsambandet vil vere ein fordel. Det er så langt opp og fram at for meg personleg betyr det ingenting. Men for næringslivet vil Hamnsundsambandet vere bra. For meg står ikkje valet mellom Ålesund sentrum og Brattvåg, i sentrum har eg ingenting å gjere. Valet står mellom Moa og Brattvåg.



Bjørn Flem, Ålesund
Vi bur i byen, men eg er frå Flem og vi har fritidsbustad der. Vi greier oss fint både med og utan både Hamnsundsambandet og Nordøyvegen. Men vi er for Nordøyvegen. Og vi er sikkert for Hamnsundsambandet også.

Ung mann i sportsbil

Hadde berre tida til å seie:
– Eje for, for då kjem an seg fortare til byen.



Petter Flem, Flemsøy
Eg trur særleg at for dei som bur på Fjørtofta og Harøya vil Hamnsundsambandet vere viktig. Det blir nok ikkje i mi tid. Men eg trur Hamnsundsambandet kjem før eller sidan.
– Men om du kunne velje mellom byen eller Brattvåg, kva hadde du valt då?
– Byen.

Byen lokkar og

Med Hamnsundsambandet på plass vil det ta 20 minutt for folk på Nordøyane å kome seg til Ålesund sentrum, men styreleiar Jan Petter Urke fryktar likevel ikkje butikkdauden i kommunesenteret.

Den maritime klynga på Nordvestlandet jobbar hardt for å få på plass ein infrastruktur som vil gjere dei meir konkurransedyktige og attraktive i den hardt pressa arbeidsmarknaden. Hamnsundsambandet er eit av vegprosjekta som vil knyte saman næringsverksemdene på Nordre Sunnmøre, Kunnskapscenteret i Ålesund og dei maritime verksemdene på Søndre Sunnmøre. Mange leikar seg med ordet Kunnskapsaksen.

Auka behov

Selskapet sitt føremål er å planlegge, bygge og drifte veg, bru og tunnelanlegg mellom Haram, Ålesund og Giske. Selskapet er etablert ut i frå eit sterkt ynskje frå lokalt næringsliv om betre kommunikasjonar til flyplass og regionscenter, samt at dei tre kommunane ser eit stadig aukande behov for ein større bus- og arbeidsmarknadsregion i området. Urke ser Ålesund som eit regionscenter med to

– For nokre næringer i Haram vil nok Ålesund bli ein konkurrent når Hamnsundsambandet kjem på plass, ikkje slik å forstå at eg trur det blir butikkdøydaren

Kjell Sandli



SAMBANDET

➔ Hamnsundsambandet er eit interkommunalt aksjeselskap med deltaking frå lokalt næringsliv og kommunane. Sambandet vil styrke den maritime klynga frå Haram til Hareid, Ulstein og Herøy, samt næringslivet elles i regionen.

➔ Kjelde: Hamnsundsambandet

kraftige industrikommunar i kvar ende.

Ikkje uroa

Styreleiar Jan Petter Urke er ikkje uroa over at eit Hamnsundsamband kan utarme den lokale handelsstanden.

– Eg har alltid tenkt slik at det er viktig å ha kortast veg til ting, og er ikkje oppteken av kommunegrenser. Vi har bruk for Ålesund, og dei har bruk for oss. Dersom vi skal drive å bygge steingjerder kring oss er det ikkje mykje vi får gjort. Min filosofi er at det vi treng kvar dag må ligge nær oss, det vi treng å handle ein gong i veka kan vi køyre litt lenger for og det vi har behov for å handle ein gong i månaden kan vi køyre ein distanse for å få tak i.

Positive ringverknadar

– I dag har vi altfor liten tilgang på dyktige ingeniørar, dersom vi får Hamnsundsambandet på plass vil det ikkje vere buplassen som avgjer om vi klarar å få tak i kompetent arbeidskraft, men lysta og engasjementet til å få jobbe med det dei brenn for samstundes som dei kan bu i bysentrum dersom det er ynskjeleg. På den måten vil vi få ei betre utnytting av kunnskap og arbeidskapasitet. Slik eg ser det har samferdsel aldri skapt negative effektar i stor overvekt. Det store bilete syner mest alltid ei positiv utvikling.

Bygge for å skape trafikk

Selskapet Nordplan er engasjert til å utarbeide ei kommunal delplan for sambandet.
– Vi reknar med at den er ferdig om eit års tid, og då



veit vi meir om realismen i prosjektet både med tanke på økonomi og alternativ. I og med den skal behandlast i tre kommunar er det eit komplisert arbeid. Alle dei tre alternativa har sine fordeler og ulemper. Vårt hovudmantra er at vi må bygge for å skape trafikk. Alternativ E1 er det lengste, men også det rimelegaste. Alternativ V2 gjer at ein unngår tunnelane til flyplassen som innimellom vert stengt, seier Urke.

Konkurrent

– For nokre næringer i Haram vil nok Ålesund bli ein konkurrent når Hamnsundsambandet kjem på plass, ikkje slik å forstå at eg trur det blir butikkdøydaren, men at det kanskje er andre tilbod som vil bli attraktive, seier dagleg leiar i Hamnsundsambandet, Kjell Sandli, som også er dagleg lei-

ar i Ålesund Handelsforening. Han trur vi vil få eit styrka bus- og handelssenter som fører til at ein del tilbod vil bli kanalisert frå sentrum til periferien.

Trekkplaster

– Vi må ikkje la oss lure av kommunegrenser, med eit nytt samband kan vi få andre typar tilbod i regionen. Kanskje dei meir spesielle tilboda blir lagt til omlandet i staden for sentrum. Berre sjå på Langevåg, mange reiser frå Ålesund for å handle der. Vi er fleire frå Ålesund som reiser til Haram for å nytte oss av dei gode kulturtilboda som finns der, kanskje det kan bli eit endå større trekkplaster når Hamnsundsambandet kjem på plass.

Endra handelsmønster

– Men det er klart, med 20 minutt frå Lepsøy til Ålesund

Ny felles forskrift

Haram kommune er positiv til ny felles forskrift for hushaldsavfall og slam vert innført i kommunen. Saka skal avgjerast i formannskapsmøte i dag.

Brannverndag på Lepsøy

I samband med den nasjonale brannverneveka 2012 vert det lokalt arrangement på Lepsøya laurdag 22.09. Det er det lokale brannkorpset på Lepsøya står for arrangementet på skuleplassen ved Lepsøy skule.

Kjøper areal på Vatne

Rådmannen ber formannskapet godkjenne kjøpeavtalen med Vatnefjorden Invest AS om kjøp av areal i Vatne sentrum.



Hovedveiene er kjedelige, men de fører til byen.

James Joyce

NYHENDE 5

Tysdag 18. september 2012 • Haramsnytt

utfordrar



SKJELTENE Med både Nordøyvegen og Hamnsundsambandet på plass, vil den korte reiseavstanden mellom Nordøyane og Ålesund truleg bli ei utfordring for butikkane på Haram fastland.

Foto: Per Ove Stige



TRE ALTERNATIV

- ➔ V2: Ytterland (Ellingsøy) – Store Kalvøy – Hamnsund med total lengde på 9,7 km, tunnel på 5,6 km og undersjøisk tunnel på 3,7 km.
- ➔ E1: Kverve (Ellingsøy) – Store Kalvøy – Hamnsund med ei total lengde på 11 km, tunnel på 6,5 km og undersjøisk tunnel på 3 km.
- ➔ E3: Hella (Ellingsøy) – Hamnsund med total lengde på 8,2 km, tunnel på 7,6 km og undersjøisk tunnel på 1,7 km.
- ➔ Kjelde: Hamnsundsambandet

sentrum blir det snertent for folk på Nordøyane å bruke tenestene i Ålesund. Service og nærleik vil bety mykje for ein del folk, og dersom handelsmønsteret endrar seg vil det gå ut over nokon. Likefullt håpar

eg vi med dette vil få ein meir attraktiv region som gjer at fleire vil busette seg her i området.

EVY SKARVØY LIEN
evy@haramsnytt.no



ELENDIG VEGSTANDARD Ei utbetring av vegen frå Skjelten til Brattvåg er det som må til for å setje ein stoppar for handelslekkasjen til Ålesund, meiner Per Arne Johansen ved Sporten Brattvåg. Foto: Evy Skarvøy Lien

Uroa over konsekvensane

Nokre meiner det blir kroken på døra for handelsstanden i Brattvåg når Hamnsundsambandet kjem, andre er meir positive.

– Eg kan ikkje tru at det blir kroken på døra for butikkane i Brattvågen dersom Hamnsundsambandet kjem på plass, seier dagleg leiar ved Sporten Brattvåg, Per Arne Johansen. Skal Brattvåg og Haram vere ein attraktiv plass å bu trengs handelsstanden. Største kundegruppa vår kjem frå øyane, men vi ser ei ny trend med kundar utanfrå som vi ikkje veit kvar kjem frå.

Uroa

– Kundane våre som kjem frå Harøya er alt uroa over kva konsekvensar Nordøyvegen kjem til å få. Mange som tek ferja til Skjelten køyrer til høgre i staden for til venstre og kommunesenteret. Det blir sikkert ikkje noko betre når Hamnsundsambandet kjem. Skal vi klare å møte konkurransen må vi få ei oppgradering av vegen frå Skjelten til Brattvåg. Den er i så dårleg forfatning av vi misser kundar. Ordførar Bjørn Sandnes hadde eit innlegg i avisa om det før ferien, og det er bra, for noko må gjerast. 90 prosent av bilane svingar til høgre, det må vi få gjort noko med.

det vil bli når Hamnsundsambandet kjem, seier dagleg leiar ved Motebua, Bente G. Frostad. Er det noko vi er veldig opptekne av så er det vegen frå Skjelten til Brattvåg. Hadde den vorte utbetra ville det blitt mykje lettare for folk frå Nordøyane å kome hit. Skal vi stoppe ein eventuell handelslekkasje er det eit must.

Attraktivt

– Utviklinga i Brattvåg vert betre og betre med tanke på utvalet og planane med Samfjordkvartalet. Vi har faste kundar frå både Ålesund, Ørsta og Volda. Folk er såpass mobile i dag og vil gjerne ha andre opplevingar når dei skal handle. Vi har butikkar her som ikkje er del av kjeder, det trur eg er attraktivt for mange. Med Hamnsundsambandet trur eg vi vil oppleve å få fleire kundar frå Ålesund, så vi er positivt innstilt.

Kroken på døra

Vi har snakka med ein del butikkeigarar som ikkje ynskjer å uttale seg i offentlegheita. Men dei gjev uttrykk for ei uro over framtida for handelsstanden i Brattvåg og trur eit Hamnsundsamband vil bety kroken på døra for mange.

EVY SKARVØY LIEN
evy@haramsnytt.no

Må ha betre veg

– Vi har tenkt ein del på korleis